

Mykje tur på kort strekning



Foto: Bård Svardal

Turen over Trøbergi startar ved grendahuset i Breie. Følg gardsvegen opp til delet mellom Eikra og Øvre Underberg. Følg merking langs øvre kanten av jordet og opp gjennom granskogen ovanfor Øvre Underberg.


Stigen følgjer kjerrevegen opp mot garden Bekkestad som ligg høgt og fritt med storfelt utsikt over dalen og Strandafjorden. Når du har kome opp granskogen og passert eit le der det er laga til klatregrind – for at ingen skal gløyme å late att grinda – er det mange store bjørker på nedsida langs vegen. Desse trea har vore nytta som styvingstre. Dei har vore kutta om lag 1.5 m over bakken slik at treet har sett

mange greiner, og dermed gitt mykje lauv. Kvistane med lauv vart bunde saman i kjerv og tørka og brukt som fôr.





Viss du tek ein avstikkar frå stigen nedanfor restane av lue, kjem du ut på sjølve Trøberget.

Lenger opp går stigen over Kvednagrove. Kverna står framleis der som eit minne over utnytting av krafta i bekkevatnet. Dersom det er vått på stigen er det best og følgje same vegen ned att. Men er du glad i klatring og ikkje redd for bratta, kan du følgje nedkanten av jordene på garden Bekkestad over Slettbakkane, som slettes ikkje er slette, med helling på om lag 1:1.

Ynskjer du berre ein roleg, liten tur kan du følgje "Kjerringvegen", den gamle ferdselsvegen gardimellom, vestover i staden for oppturen og nedturen over Trøbergi. I staden for å svinge opp ovanfor Øvre Underberg går du vestover på ein tydeleg veg, gjennom skogen, inn over jordene og gjennom tunet på Djupedokken, vidare ovanfor dyrka mark og gjennom tunet i Venedokken, gjennom skogen og fram til tunet i Rotebakkdokken. Her kan du følgje vegen ned til rv 7 eller snu og ta same leia attende. Det er svært viktig at du let att alle grinder etter deg og at du ikkje trør rett gjennom graset, men går i kanten av jordet og tek omsyn til beitedyr.



For meir detaljert kart sjå: Veståsen og Sangefjell, 1:50 000

-  Følg gardsvegen til Underberg og Eikra, ta av frå Breievegen ved grendahuset om lag 8 km vest for Sundre sentrum.
-  Ved grendahuset i Breie.
-  Rundtur grendahuset – Trøbergi – Slettbakkane om lag 3 km, meir enn 200 m høgdeforskjell. Kjerringvegen grendahuset – Rotebakkdokken om lag 2 km (éin veg).
-  Kjerringvegen på veg og god stig over beiter og dyrka mark, og i skog. Rundtur over Trøbergi på bratt stig og stupbratt stig ned att over Slettbakkane (denne traseen er ikkje tilrådd ved frost eller etter regnvær).

